



Arkivnr: 2019/107-14

Saksbehandlar: Ruth Ørnholt

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.03.2019

Tilskot til interkommunale bibliotekprosjekt 2019

Samandrag

Ordninga skal bidra til å stimulere folkebiblioteka til samarbeid om arrangement knytt til bøker, lesing og formidling av bibliotekets innhaldsressursar, kopla til gjennomføring av Bokåret 2019. Midlane kan også nyttast til å styrke samarbeidet mellom bibliotek i etablerte samarbeidsregionar.

Generelt

Budsjett 2019:	200 000 kroner
Søknadsfrist 2019:	15.februar
Vedtak kriteria:	KIRU 18.01 PS 10/2019
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida

Søknader 2019

Tal på søknader:	7 søknader
Tal på søknader som er tilrådd støtte	søknader
Samla søknadssum:	315 000 kroner
Tilrådd til fordeling:	200 000 kroner

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Eit av innsatsområda i Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 er styrking og utvikling av forpliktande biblioteksamarbeid. Det er positivt at alle dei fem biblioteksamarbeida i fylket har søkt om midlar. Alle kommunane utanom Bergen og Askøy er med i ein søknad.

Søknadene stettar kriteria i ordninga, men det er berre rom for å støtte eit prosjekt i kvar samarbeidsregion. I vurderinga er det tatt omsyn til talet på kommunar som søker saman, i kva grad tiltaket vil styrke samarbeidet, auking av formidlingskompetanse og om tiltaket resulterer i arrangement i biblioteka.

Økonomi: Tiltaket blir løyst innanfor vedteke budsjett for 2019.

Klima: Saka har ikkje relevans for klimaavtrykk.

Folkehelse: Saka har ikkje relevans for folkehelse.

Regional planstrategi: Tiltaket følgjer opp innsatsområde i Regional kulturplan 2015-2025.

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 100 000 kroner over budsjettpost 400.340.00, slik:

Namn på søkjar	Tiltak	Tilråding
1. Biblioteka i Nordhordland	Personalløft Nordhordland	40 000
2. Sunnhordlandsbiblioteka	Sunnhordlandssamarbeidet	50 000
3. Hardangerbiblioteka og Voss	Nynorsk barnebokveke	50 000
4. Vaksdal, Os, Samnager og Fusa	Forfattarturnear	25 000
5. Stord folkebibliotek	Turne for Åsmund Eikenes	Avslag
6. Hardangerbiblioteka og Voss	Hardangerbiblioteka og Voss – NY GIV	Avslag
7. Fjell folkebok-samling, Sund folkebibliotek og Øygarden bibliotek	Ny kommune – ny formidling	35 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.